



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

St.prp. nr. 20

(2004–2005)

Om endringer av løyvingar på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2004 under Arbeids- og sosialdepartementet

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet av 12. november 2004, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Arbeids- og sosialdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringer av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Sosiale formål på statsbudsjettet, endringer av løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda og inntektene under folketrygda for 2004.

Dei reviderte overslaga for folketrygdas utgifter og inntekter i 2004 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap pr. 30. september 2004. Berekningsgruppa for folketrygda, som gjer anslag for regelstyrte ordningar under Arbeids- og sosialdepartementet sine programområde 09, 29 og 33, programområde 30 Helsevern, folketrygda under Helse- og omsorgsdepartementet, fødselspengar og adopsjonspengar under Barne- og familiedepartementet, har sett på overslaga i møte 18. oktober 2004. Forslag til en-

dringar i løyvingar som vedkjem Arbeids- og sosialdepartementet sine område, er med mindre avrundingar m.m. basert på overslag i Berekningsgruppa. Dei andre departementa fremmar eventuelle forslag om endringer i sine proposisjonar.

Arbeids- og sosialdepartementet fremmar forslag om å auke løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Sosiale formål med 27,2 mill. kroner, å setje ned løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 2 106,7 mill. kroner og å auke løyvingane under programområde 33 Arbeidsliv med om lag 289 mill. kroner. Samla foreslår Arbeids- og sosialdepartementet at løyvingane under utgiftskapitla vert sett ned med 1 790,5 mill. kroner. Løyvingane under inntektskapitla foreslår departementet auka med om lag 5,2 mill. kroner. Samla finansieringsbehov vert såleis minska med 1 795,7 mill. kroner for 2004.

2 Forslag under dei enkelte kapitla

Kap. 630 Aetat (tidl. kap. 1590)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter	1 972 678	2 017 978	2 022 978	5 000

Post 01 Driftsutgifter

Det vert foreslått å auke løyvinga under kap. 630 Aetat post 01 Driftsutgifter med 5 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 634, post 71

Spesielle arbeidsmarknadstiltak. Dette skal medverke til å styrke avklaringsarbeidet av yrkeshemma i Aetat, jf omtale under kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak.

Kap. 3630 Aetat (tidl. kap. 4590)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreinntekt (-)
80	Innfordra misbruk av dagpengar	35 659	30 000	40 000	10 000
81	Innfordra feilutbetalte attføringsytningar	11 161	14 000	11 000	-3 000
	Sum endringar				7 000

Post 80 Innfordra misbruk av dagpengar

For 2004 er det budsjettert med inntekter på 30 mill. kroner under kap. 3630 Aetat post 80 Innfordra misbruk av dagpengar. På bakgrunn av innbetalingar hittil i 2004, vert det foreslått å auke inntektsanslaget under kap. 3630, post 80 med 10 mill. kroner til 40 mill. kroner.

Post 81 Innfordra feilutbetalte attføringsytningar

For 2004 er det budsjettert med inntekter på 14 mill. kroner under post 81 Innfordra feilutbetalte attføringsytningar. På bakgrunn av innbetalingar hittil i 2004 vert det foreslått å redusere inntektsanslaget under kap. 3630, post 81 med 3 mill. kroner til 11 mill. kroner.

Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak (tidl. kap. 1594)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
71	Spesielle arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma	2 611 273	2 922 740	2 917 740	-5 000
74	Lønssubsidium for reaktivisering, <i>overslagsløyving</i>	6 734	38 751	15 751	-23 000
	Sum endringar				-28 000

Post 70 Ordinære arbeidsmarknadstiltak

For 2. halvår 2004 vil det verte gjennomført nokre færre tiltaksplassar enn 16 000 som er lagt til grunn for løyvinga. Dette har mellom anna årsak i at det vart gjennomført noko fleire tiltaksplassar enn dei 17 500 plassane som vart planlagt under dei ordinære arbeidsmarknadstiltaka i 1. halvår 2004, jf. omtale i St.prp. nr 63 (2003–2004). Det har vore krevjande å dekkje meirforbruket for fleire tiltaksplassar i 1. halvår 2004 samstundes som at ein skal nå målalet på 16 000 tiltaksplassar i 2. halvår. Eit lågare tiltaksnivå i 2. halvår har også samband med at kostnadane ved gjennomføringa av enkelte tiltak har vore høgare enn venta. Samla for 2004 er det venta at nivået på dei ordinære arbeidsmarknadstiltaka vil vere i tråd med måltala. Ein tek sikte på ein optimal utnytting av løyvinga til dei ordinære arbeidsmarknadstiltak mot slutten av året for å sikre best mogleg måloppnåing i 2004.

Post 71 Spesielle arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma

Gjennomføringa av arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma vil i 2004 vere noko lågare enn tiltaksnivået på 22 550 som er lagt til grunn for løyvinga. Dette har mellom anna samband med eit sterkt fokus på behandling av søknadar om attføring i samband med overføringa av vedtaksmyndigheit frå trygdeetaten til Aetat frå 1. juli 2004, samt den auka tilstrømminga av yrkeshemma som skal avklarast.

Å plassere yrkeshemma arbeidssøklarar på gode arbeidsmarknadstiltak eller hos potensielle arbeidsgjevarar er ofte krevjande. Erfaringsvis har det vist seg vanskeleg med rask opptrapping av tiltaka for yrkeshemma. Departementet har bedt Aetat leggje vekt på å utnytte gjenstående løyving og tilsagnsfullmakter til å planlegge eit tiltaksnivå mot slutten av året som i størst mogleg grad sikrar ein optimal utnytting av løyvinga for 2004 og som sikrar god innfasing til den vesentlege tiltaksopptrappinga som er foreslått for 2005, jf. St. prp. nr. 1 (2004–2005).

For å oppnå raskare avklaring og få yrkeshemma snøggare inn på arbeidsmarknadstiltak foreslår regjeringa at løyvinga under kap. 634, post 71 Spesielle arbeidsmarknadstiltak vert redusert med 5 mill. kroner mot ein tilsvarende auke under kap. 630 Aetat post 01 Driftsutgifter, jf. omtale under kap. 630 Aetat.

Post 74 Lønssubsidium for reaktivisering, overslagsløyving

Løyvinga for 2004 er på 38,751 mill. kroner. På bakgrunn av lågare aktivitet på dette tiltaket så langt i år, vert det foreslått at løyvinga under kap. 634, post 74 reduserast med 23 mill. kroner til 15,751 mill. kroner. For statsbudsjettet 2005 er det foreslått ei ny forsøksordning for reaktivisering av uførepensjonistar for å styrke innsatsen av tilbakevending av uførepensjonistar til ordinært arbeid, jf. St.prp. nr 1 (2004–2005).

Kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak (tidl. kap. 4594)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
02	Opplæringstenester	375	1 841	18 000	16 159
60	Refusjon, forsøk dagpengar	328	1 500	500	-1 000
	Sum endringar				15 159

Post 02 Opplæringstenester

For 2004 er det budsjettert med inntekter på 1,841 mill. kroner under kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak post 02 Opplæringstenester. Løyvinga vert foreslått auka med 16,159 mill. kroner til 18 mill. kroner. Auken har samband med inntektene knytte til sal av kurs til Oppland fylkeskommune i samband med forsøket «Fritt Fram».

Post 60 Refusjon, forsøk dagpengar

For 2004 er det budsjettert med inntekter på 1,5 mill. kroner under kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak post 60 Refusjon, forsøk dagpengar. Dette gjeld prosjektet «Arbeid i sikte» i Verdal. På bakgrunn av at fleire deltakarar i prosjektet har andre ytingar enn sosialhjelp som er lagt til grunn, vert det foreslått å redusere løyvinga med 1 mill. kroner til 500 000 kroner.

Kap. 3635 Venteløn (tidl. kap. 4595)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
01	Refusjon	44 361	80 000	72 200	-7 800

Post 01 Refusjon

For 2004 er det budsjettert med refusjon frå statleg verksemd på i alt 80 mill. kroner. Som følgje av ein større tilstrømming enn venta av ventelønsmotaka-

rar frå selskap som ikkje er refusjonspliktige, er omfanget av refusjonar noko lågare enn budsjettert for 2004. Det vert foreslått å setje ned løyvinga med 7,8 mill. kroner til 72,2 mill. kroner.

Kap. 3640 Arbeidstilsynet (tidl. kap. 4570)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
05	Tvangsmulkt	682	1 600	8 400	6 800

Post 05 Tvangsmulkt

Løyvinga for 2004 er 1,6 mill. kroner.

På posten ligg det no an til at inntektene kjem på 6,8 mill. kroner meir enn venta. Dette skuldast at Oslo kommune har betalt inn tidlegare pålagt tvangsmulkt.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje opp løyvinga med 6,8 mill. kroner, frå 1,6 mill. kroner til 8,4 mill. kroner.

Kap. 0642 Petroleumstilsynet (tidl. kap. 1572)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter		122 808	122 283	-525
21	Spesielle driftsutgifter		12 590	17 290	4 700
	Sum endringar				4 175

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2004 er 122,808 mill. kroner.

Etter å ha ført over personell frå Petroleumstilsynet til Oljedirektoratet gjerast det framlegg om å setje ned denne posten med 525 000 kroner. Overføringa er knytt til delinga pr. 1. januar 2004 der det var gitt høve til flytting/reversering av personell fram til 1. juli 2004. Olje- og energidepartementet vil føreslå at løyvinga til Oljedirektoratet under kapittel 1810 vert auka like mykje.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 525 000 kroner til 122,283 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga for 2004 er på 12,6 mill. kroner.

Auka aktivitet i samband med tilsyn med petroleumsværksemda fører med seg auka utgifter på til saman 5,4 mill. kroner. Desse utgiftene refunderast av operatørselskapa, jf. forslag til auking under kap. 3642, post 03 Refusjon tilsynsutgifter.

Som følgje av mellom anna redusert omfang av oppdrag som Petroleumstilsynet utfører for Norad og Boris, vert utgiftene redusert med 700 000 kroner, jf. kap. 3642, post 02 Oppdrags- og samarbeidsværksemd.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 21 med 4,7 mill. kroner, frå 12,6 til 17,3 mill. kroner.

Kap 3642 Petroleumstilsynet (tidl. kap. 4572)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
02	Oppdrags- og samarbeids- verksemd		1 300	600	-700
03	Refusjon tilsynsutgifter		52 200	57 700	5 500
06	Ymse inntekter/refusjonar .		2 100	1 700	-400
	Sum endringar				4 400

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd

Løyvinga for 2004 er 1,3 mill. kroner.

Reduserte oppdrag knytt til mellom anna Norad og Boris fører med seg tilsvarende reduserte inntekter, jf. kap. 0642, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga under post 02 med 700 000 kroner, frå 1,3 mill. kroner til 600 000 kroner.

Post 03 Refusjon utgifter til tilsyn

Løyvinga for 2004 er 52,2 mill. kroner.

Inntektene under denne posten vil auke på grunn av meir aktivitet knytta til tilsyn, jf. kap. 0642, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Auka i inntektene ligg an til å verte noko høgare enn utgiftene. Dette kjem av at det er ein viss grad av overheng frå år til år knytta til betaling av refusjonar. Refusjon for tilsyn utført i 4. kvartal eit år vil ofte først verte betalt inn året etter. Anslaget for året er delvis basert på overheng av inntekter frå 2003.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 03 med 5,5 mill. kroner, frå 52,2 mill. kroner til 57,7 mill. kroner.

Post 06 Ymse inntekter/refusjonar

Løyvinga for 2004 er 2,1 mill. kroner.

Inntektene under posten er inntekter frå kantina og inntekter knytt til kopiering av artiklar m.v. I tråd med utvikling av elektronisk utveksling av informasjon er målet til Petroleumstilsynets at mest mogleg informasjon skal kunne finnast på nettet.

Dette har ført til ein gradvis reduksjon av inntekter frå kopiering.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 06 med 400 000 kroner, frå 2,1 til 1,7 mill. kroner.

Kap. 0643 Statens arbeidsmiljøinstitutt*Post 21 Oppdrag*

Det er gjort framlegg om at Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) frå 1. januar 2005 vert gitt unntak frå løyvingsreglementets § 4 og danna om til forvaltningsorgan med særskilte fullmaktar. Det trengs derfor full overføring av eventuelle meirinntekter som følgje av at instituttet får tilskott frå Noregs forskingsråd (NFR) til ulike forskingsprosjekt.

STAMI søker NFR kvart år om middel til forskingsprosjekt. NFR betaler ut midlar etter bestemte regler som kan føre med seg at instituttet nokre år får ei meirinntekt som fører med seg tilsvarende utgifter året etter. Overføring av løyving til neste år som følgje av meirinntektene, har vore grensa av til 5 pst. av løyvinga og såleis har det i enkelte år vore meirinntekter som har vorte ført tilbake til statskassa.

Når STAMI vert nettobudsjettet, er det viktig at forskingsprosjekt som har forpliking i 2005 og vidare, får med seg alle inntekter som er kome i 2004. Om ikkje kan dette føre til ei utilsikta svekking av likviditeten til instituttet i kommande periodar.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om at kap. 0643, post 21 Oppdrag gis stikkordet «*kan overførast*» i 2004, jf. romertalsvedtak.

Kap. 0660 Krigspensjon

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
71	Tilskott, sivile, <i>overslags- løyving</i>	661 810	666 000	645 000	-21 000

Post 71 Tilskott, sivile, overslagløyving

Løyvinga for 2004 er 666 mill. kroner.

Det vert lagt til grunn om lag like mange sivile invalidar og sivile enker som det som er lagt til grunn for løyvd beløp. Ein reknar med at gjennomsnittleg pensjon per år for sivile invalidar og til sivi-

le enker vert noko lågare enn lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 21 mill. kroner til 645 mill. kroner.

Kap. 0664 Pensjonstrygden for sjømenn

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskott	497 000	570 000	600 000	30 000

Post 70 Tilskott

For 2004 er det gitt løyving som tilskott til Pensjonstrygden for sjømenn på i alt 570 mill. kroner.

Tilskottet til Pensjonstrygden for sjømenn skal dekkje delar av utbetalingane til pensjon etter trygdelova for sjømannspensjon § 15 og underskot i pensjonstrygda etter at reguleringsfondet er brukt opp.

På bakgrunn av nye anslag ventar ein at utgifte ne vert 600 mill. kroner for 2004. Dette er ei auke på 30 mill. kroner. Hovudårsaka er at pensjonsutgifte ne aukar som følgje av at det er oppdaga at fleire enn før av dei som mottar krigspensjon og har rett til sjømannspensjon.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 30 mill. kroner til 600 mill. kroner for 2004.

Kap. 0666 Avtalefesta pensjon

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskott	679 072	723 000	760 000	37 000

Post 70 Tilskott

Løyvinga for 2004 er 723 mill. kroner.

Statistikk og rekneskap viser at talet på pensjonistar og gjennomsnittleg pensjon vert høgare ved utgangen av 2004 enn lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auka løyvinga med 37 mill. kroner til 760 mill. kroner.

Kap. 2541 Dagpengar

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Dagpengar, <i>overslagsløyving</i>	11 105 334	10 606 000	10 900 000	294 000

Post 70 Dagpengar, overslagsløyving

I samband med Revidert nasjonalbudsjett vert dagpengeløyvinga for 2004 redusert med knappe 170 mill. kroner frå 10 770 til 10 606 mill. kroner. I lys av utviklinga i arbeidsløysa dei siste månadane, utbetalingane hittil i år og utsiktene på arbeids-

marknaden framover vil utbetalingane til dagpen-
gar verte noko høgare enn det som vart lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett. På denne bakgrunn vert det gjort framlegg om å auke løyvinga under kap. 2541, post 70 Dagpengar med 294 mill. kroner til 10 900 mill. kroner.

Kap. 2543 Ytingar til yrkesretta attføring

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Attføringspengar, <i>overslagsløyving</i>	7 198 549	8 780 000	9 000 000	220 000
71	Attføringsstønad, <i>overslagsløyving</i>	1 678 009	1 760 000	1 535 000	-225 000
	Sum endringar				-5 000

Post 70 Attføringspengar, overslagsløyving

Løyvinga til attføringspengar vert ved trygdeopp-
gjøret for 2004 oppjustert til 8 780 mill. kroner. I lys av at utviklinga i talet på attføringspengemottakarar hittil i år har vore noko høgare enn tidlegare lagt til grunn, vil utbetalingane til attføringspengar verte høgare enn venta. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 2543, post 70 Attføringspengar med 220 mill. kroner til 9 000 mill. kroner.

le arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma. I tillegg kjem noko reduserte utbetalingar til skulemateriell. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 2543, post 71 Attføringsstønadar med 225 mill. kroner til 1 535 mill. kroner.

Post 71 Attføringsstønadar, overslagsløyving

Løyvinga til attføringsstønadar vert ved Revidert Nasjonalbudsjett for 2004 redusert til 1 760 mill. kroner. Veksten i utbetalingane til attføringsstønadanane har vore lågare enn tidlegare lagt til grunn, mellom anna som følgje av at færre personar har delteke i tiltak finansiert over attføringsstønadanane. Dette har samanheng med auka fokus på avklaring av dei yrkeshemma etter at vedtaksmyndigheita vert overført til Aetat frå 1. juli 2004, jf. omtale under kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak post 71 Spesiell-

Kap. 2603 Trygderetten (jf. kap. 5702)*Post 01 Driftsutgifter*

I Blå bok for 2004 står det skrive at Trygderetten har meirinntektsfullmakt på kapittel 5705 post 02. Dette er ein trykkfeil. Trygderetten har berre eitt inntektskapittel og dette er kap. 5702, ikkje kap. 5705.

Departementet gjer derfor framlegg om følgjande meirinntektsfullmakt, jf. utkast til vedtak:

«Stortinget samtykker i at Arbeids- og sosialdepartementets fullmakt i 2004 til å overskride løyvinga under kap. 2603 Trygderetten, post 01 Driftsutgifter mot tilsvarande meirinntekter under kap. 5705, post 02, endrast til fullmakt til å overskride nemnte utgiftsløyving mot meirinntekter under kap. 5702, post 02.»

Kap 2650 Sjukepengar

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Sjukepengar for arbeids- takarar, <i>overslagsløyving</i>	25 631 131	27 390 000	25 100 000	-2 290 000
71	Sjukepengar for sjølv- stendige, <i>overslagsløyving</i>	1 789 514	1 900 000	1 695 000	-205 000
72	Omsorgs- og pleiepengar, <i>overslagsløyving</i>	261 477	400 000	320 000	-80 000
75	Feriepengar av sjukepengar, <i>overslags- løyving</i>	1 269 703	1 360 000	1 340 000	-20 000
Sum endringar					-2 595 000

*Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar,
overslagsløyving*

Løyvinga for 2004 er 27 390 mill. kroner.

Auken i talet på sjukepengedagar pr. sysselsett vert lågare enn venta i 2004.

I St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet medregnet folketrygda 2004 vart det lagt til grunn føresetnader om 0,2 pst. vekst i sysselsettinga, 3,75 pst. vekst i grunnlaget for sjukepengar og vekst i frekvensen for sjukefråvær på 3 pst. Ein reknar no med ein vekst i sysselsettinga på 0,3 pst og ein nedgang i grunnlaget for utbetaling av sjukepengar på 2,5 pst. i 2004. Men den viktigaste årsaka til at vi no sett ned utgiftene på posten så mykje er at venta vekst i frekvensen for sjukefråvær vert endra frå ein venta vekst på 3 prosent til ein venta nedgang på 4,5 pst.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 2 290 mill. kroner til 25 100 mill. kroner.

*Post 71 Sjukepengar for sjølvstendig
næringsdrivande, overslagsløyving*

Løyvinga for 2004 er 1 900 mill. kroner.

Auken i talet på sjukepengedagar pr. sysselsett vert lågare enn venta. Ein reknar nå med ein reduksjon i 2004 samanlikna med 2003 på 9 pst., mot ei auke på 3 pst. som vart lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 205 mill. kroner til 1 695 mill. kroner.

*Post 72 Omsorgs- og pleiepengar ved sjukdom hos
barn m.v., overslagsløyving*

Løyvinga for 2004 er 400 mill. kroner.

Utgiftene i 2004 vert mindre enn venta. Årsaka er at verknaden av at kravet til dagar på institusjon er sett ned, ikkje har vore like stort som venta.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 80 mill. kroner til 320 mill. kroner.

*Post 73 Tilretteleggingstilskott og post 74 Refusjon
bedriftshelsetenester**Tilføyning av stikkordet «kan overførast» til
løyvingane*

I St.prp. nr. 63 (2003–2004) gjorde ein framlegg om at stikkordet «kan overførast» vart knytta til post 73 Tilretteleggingstilskott, men ved ein trykkfeil kom ikkje stikkordet med under vedtaksdelen i innstillingen. Det er ønskeleg at stikkordet «kan overførast» vert knytt til desse postane. Dette vil gjere det mogleg for trygdeataten å vite at dei får dekkte desse utgiftene frå år til år sjølv om dei kan variere mykje frå eit år til det neste. Det gjeld særskilt dersom det setjast i gang tiltak på slutten av året kor ein ofte treng å føre middel over frå eit år til eit anna. I tillegg vil det gjere oppfølging av løyvinga i etaten enklare om middel som ikkje er bruka opp kan førast over frå eit år til eit anna.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer med utgangspunkt i dette framlegg om at stikkordet «kan overførast» vert knytt til løyvingane under kap. 2650, post 73 og post 74, jf. romertallsvedtak.

Om endringar av løyvingar på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2004 under Arbeids- og sosialdepartementet

Post 75 Feriepengar av sjukepengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2004 er 1 360 mill. kroner.

Feriepengane er for det meste betalt ut når tre kvartal av året har gått. Utgiftsutviklinga t.o.m. september tyder på at utgiftene vert noko mindre enn venta.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 20 mill. kroner til 1 340 mill. kroner.

Kap. 2652 Medisinsk rehabilitering m.v.

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Rehabiliteringspengar, <i>overslagsløyving</i>	8 284 107	8 397 000	8 870 000	473 000
71	Legeattestar m.v.	0	300 000	245 000	-55 000
	Sum endringar				418 000

Post 70 Rehabiliteringspengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2004 er 8 397 mill. kroner

I 2004 er det sett i verk fleire tiltak på denne posten for at mottakarane ikkje skal gå på passive trygdeordningar for lenge og dermed redusere sine sjansar for å kome tilbake i arbeid. Skjerpinga i regelverket for å ta i mot rehabiliteringspengar ut over 2 år og tidleg vurdering av attføring i rehabiliterings- og sjukepengefasen er tiltak som ein og trur vil gje lågare utgifter.

Utgiftene så langt i år er noko høgare enn lagt til grunn for løyvinga. Årsaka til dette er at nokre av tiltaka vil få lågare effekt i 2004 enn det som er lagt til grunn for løyvinga og at store delar av effekten først kjem i 2005. På same tid vil overføring av vedtak i samband med §11–5 saker frå 1. juli 2004 føre til auka utgifter under posten i 2004.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 473 mill. kroner til 8 870 mill. kroner.

Post 71 Legeattestar m.v.

Løyvinga for 2004 er 300 mill. kroner.

Ved utgangen av september 2004 har utgiftene til legeattestar gått ned med 42,1 mill. kroner eller 20 pst., samanlikna med same tid i fjor. Nye reglar for sjukemelding frå 1. juli 2004 ser så langt ikkje ut til å auke utgiftene noko særleg. Totalt vart det betalt ut 286 mill. kroner til legeattestar i 2003.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 55 mill. kroner til 245 mill. kroner for 2004.

Kap 2655 Uføre

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i>	15 256 681	16 493 000	16 410 000	-83 000
71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i>	22 456 412	23 820 000	23 920 000	100 000
74	Tidsavgrensa uførestønad, <i>overslagsløyving</i>	0	617 000	665 000	48 000
75	Menerstatning ved yrkes- skade, <i>overslagsløyving</i>	101 056	121 000	105 000	-16 000
	Sum endringar				49 000

Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2004 er 16 493 mill. kroner.

Av samla tilgang til uførepensjon og tidsavgrensa uførestønaden er det venta at den tidsavgrensa uførestønaden aukar frå 20 pst., som er lagt til grunn for løyvinga, til 27 pst.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 83 mill. kroner, til 16 410 mill. kroner.

Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2004 er 23 820 mill. kroner.

Det at ein høgare del er venta å få tidsavgrensa uførestønad, trekkjer på same måte som for grunnpensjon i retning av lågare utgifter til tilleggspensjon. Men i og med at veksten i gjennomsnittleg tilleggspensjon er venta å verte 2,0 pst. mot 0,5 pst. som ligg til grunn for løyvinga, vil utgiftene samla sett likevel auke.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg

om å setje opp løyvinga med 100 mill. kroner, til 23 920 mill. kroner.

Post 74 Tidsavgrensa uførestønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2004 er 617 mill. kroner.

Utgiftene vil auke som følge av at ein større del av mottakarane av uførestønad vil få tidsavgrensa uførestønad, jf. tekst under post 70 og 71.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auka løyvinga med 48 mill. kroner, til 665 mill. kroner.

Post 75 Ménerstatning ved yrkesskade, overslagsløyving

Løyvinga for 2004 er 121 mill. kroner.

Det er rapportert inn færre saker enn venta til trygdeetaten.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 16 mill. kroner, til 105 mill. kroner.

Kap 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.v.

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
71	Hjelpestønad, <i>overslagsløyving</i>	1 509 254	1 556 000	1 515 000	-41 000
73	Hjelpemiddel m.v. under arbeid og utdanning	112 335	137 700	145 000	7 300
74	Bilstønad	821 504	955 000	755 000	-200 000
75	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel	2 407 090	2 551 000	2 590 000	39 000
78	Høyreapparat	348 333	392 000	385 000	-7 000
	Sum endringar				-201 700

Post 71 Hjelpstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2004 er på 1 556 mill. kroner.

Både utviklinga i volum og i rekneskapen til no i år er lågare enn det som var venta tidlegare i år. Nedgangen i volumet dei siste 9 månadene i år har vore på 2,1 prosent.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer derfor framlegg om å redusere løyvinga med 41 mill. kroner til 1 515 mill. kroner.

Post 73 Hjelpemiddel m.v. under arbeid og utdanning

Løyvinga for 2004 er 137,7 mill. kroner.

På denne posten finn ein mellom anna hjelpemiddel og tilrettelegging for funksjonshemma på arbeidsplass, tolkehjelp for døve og døvblinde i ut-

danning og arbeid, lese- og sekretærhjelp for blinde i utdanning og arbeid. Utgiftene til alle desse formåla aukar, spesielt utgifter til hjelpemiddel. Fokuseringa på eit inkluderande arbeidsliv, og sysselsetting av personar med redusert funksjonsevne, kan forklare noko av veksten. Den delen arbeidsgivar betalar (½ G) for hjelpemiddel og tilpassing på arbeidsplassen har falle bort, og dette har ført til auka utgifter.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auka løyvinga på denne posten med 7,3 mill. kroner til 145 mill. kroner.

Post 74 Stønad til bil

Løyvinga for 2004 er 955 mill. kroner.

På denne posten har det vore langt mindre ut-

gifter enn venta. Dette skuldast for det meste at det har vore mangel på gruppe 2-bilar, og dermed små utgifter knytte til desse bilane og til å bygge om bilen for brukarane. Vi får dermed ein skyving av utgifter frå 2004 til 2005.

Ny ordning med stønad til bil vart satt i verk 1. april 2003 og har ført til at tilskotet for gruppe 1-bilar er lågare enn før endringa i regelverket. Dette har først fått særleg effekt i 2004, og har og ført til lågare utgifter.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på denne posten med 200 mill. kroner til 755 mill. kroner.

Post 75 *Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel*

Løyvinga for 2004 er 2 551 mill. kroner.

Fleire av dei store hjelpemiddelgruppene har til no i år hatt ein noko større auke i volumet enn i

2003, og enn kva ein har føresett tidlegare. Frå 1. september 2003 vart satsane for tilskott til standard datautstyr sett ned. Dette har i nokon grad hatt ein innsparingseffekt i 2004, men ikkje nok til å veie opp for auken i volumet, fordi det er kjøpt inn færre dataanlegg enn det som vart lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på denne posten med 39 mill. kroner, til 2 590 mill. kroner.

Post 78 *Høyreapparat*

Løyvinga for 2004 er 392 mill. kroner.

Rekneskapa til nå i år viser at utgiftene til høyreapparat kan justerast ned.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer derfor framlegg om å setje ned løyvinga på denne posten med 7 mill. kroner, til 385 mill. kroner.

Kap. 2670 Alderdom

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i>	30 680 932	32 204 000	32 320 000	116 000
71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i>	41 245 047	43 689 000	44 020 000	331 000
73	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i> .	5 268 056	5 097 000	5 130 000	33 000
	Sum endringar				480 000

Hovudårsaka til endringane på kapitlet er at dei siste tala frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at forventta levetid for befolkninga er høgare enn venta. Talet på alderspensjonistar som ligg til grunn for løyvinga må derfor aukast. Dette vil føre med seg ei auke i utgiftene på kapitlet.

Post 70 *Grunnpensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2004 er 32 204 mill. kroner.

Det ventes at det gjennomsnittlege talet på alderspensjonistar vert 624 800 i 2004. Dette er om lag 3 100 fleire enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 116 mill. kroner til 32 320 mill. kroner.

Post 71 *Tilleggspensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2004 er 43 689 mill. kroner i 2004.

Det ventes at det gjennomsnittlege talet på alderspensjonistar med tilleggspensjon vert 563 400 i 2004. dette er om lag 3 800 fleire enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 331 mill. kroner til 44 020 mill. kroner. Løyvinga for 2004 er 43 689 mill. kroner i 2004.

Post 73 *Sært tillegg, overslagsløyving*

Løyvinga for 2004 er 5 097 mill. kroner i 2004.

Det ventes at det gjennomsnittlege talet på alderspensjonistar vert 204 130 i 2004. Dette er om lag 340 færre enn det som er lagt til grunn for løyvinga. På same tid har særtillegget vorte høgare.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 33 mill. kroner til 5 130 mill. kroner.

Kap. 2680 Etterlatne

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Grunnpensjon, <i>overslags- løyving</i>	1 196 457	1 227 000	1 217 000	-10 000
71	Tilleggspensjon, <i>overslags- løyving</i>	1 020 329	1 053 000	1 043 000	-10 000
Sum endringar					-20 000

Løyvinga på kapitlet er på 2 360 mill. kroner.

Ny statistikk viser at talet på etterlatne vert færre enn kva som er lagt til grunn for løyvinga. Samstundes viser rekneskapan at gjennomsnittleg grunnlag for utbetaling av stønad og kan justerast

ned. Endringa er fordelt med 10 mill. kroner på post 70 og 71 jf. tabell.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga på kapitlet med 20 mill. kroner til 2 340 mill. kroner.

Kap. 2683 Stønad til einsleg mor eller far

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Overgangsstonad, <i>overslags- løyving</i>	2 125 718	2 248 000	2 275 000	27 000
72	Stønad til barnetilsyn, <i>overslagsløyving</i>	666 226	645 000	595 000	-50 000
73	Utdanningsstonad	91 699	101 000	85 000	-16 000
76	Forskottering av underhaltsbidrag	1 534 273	1 320 000	1 105 000	-215 000
Sum endringar					-254 000

Post 70 Overgangsstonad, overslagsløyving

Løyvinga for 2004 er på 2 248 mill. kroner.

Nye tal for 2004 viser fleire mottakarar enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga. Samstundes, noko som verkar i motsett retning, viser det seg at det i snitt er noko lågare stønad enn kva som er lagt til grunn. Dette gjer eit auka behov på 27 mill. kroner til føremålet.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 27 mill. kroner til 2 275 mill. kroner.

Post 72 Stønad til barnetilsyn, overslagsløyving

Løyvinga for 2004 er på 645 mill. kroner.

Nye tal for 2004 viser færre mottakarar og om lag same nivå på stønaden samanlikna med det som ligg til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga med 50 mill. kr til 595 mill. kroner.

Post 73 Utdanningsstonad

Løyvinga for 2004 er på 101 mill. kroner.

Utviklinga i plantala for 2004 viser ein større nedgang i både talet på mottakarar av stønad og gjennomsnittleg stønad enn venta.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 16 mill. kroner til 85 mill. kroner.

Post 76 Forskottering av underhaltsbidrag

Løyvinga for 2004 er på 1 320 000 mill. kroner.

Statistikk til no i år viser ei svak auke i talet på barn som har rett til forskot. Fleire private oppgjer og ein lågare sats for forskot enn lagt til grunn for løyvinga, gjer at utgiftane likevel vil verte lågare enn venta.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 215 mill. kroner, frå 1 320 mill.kr til 1 105 mill. kroner.

Kap. 2686 Gravferdsstønad

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Gravferdsstønad, <i>overslagsløyving</i>	104 030	96 000	105 000	9 000

Post 70 Gravferdsstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2004 er på 96 mill. kroner.

Ny statistikk viser at talet på mottakarar av behovsprøvd stønad vert noko høgare enn lagt til

grunn for løyvinga. Rekneskapen viser og at gjennomsnittleg stønad har auka noko. Arbeids- og sosialdepartementet gjer derfor framlegg om å auke løyvinga med 9 mill. kroner til 105 mill. kroner.

Kap. 2690 Diverse utgifter

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
77	Pasientar frå land med innbyrdes avtale	55 211	52 000	60 000	8 000

Post 77 Pasientar frå land med innbyrdes avtale

Løyvinga for 2004 er på 52 mill. kroner.

Utgiftene på posten varierer mykje frå månad til månad og er derfor vanskeleg å rekne ut. Etter 9 månader er det ført utgifter på om lag 84 pst av løy-

vinga, mens det er venta at fleire krav/saker, som ennå ikkje er ferdigbehandla, vil gi store utgifter resten av året.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 8 mill. kroner til 60 mill. kroner.

Kap. 5701 Diverse inntekter

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
03	Hjelpemiddelsentralar m.v. .	51 714	43 000	53 000	10 000
73	Refusjon bidragspliktige	679 019	555 000	520 000	-35 000
74	Refusjon medisinsk behandling	1 936	1 000	1 600	600
75	Refusjon overskytande bidrag	153 182	41 000	30 000	-11 000
	Sum endringar				-35 400

Post 03 Hjelpemiddelsentralar m.v.

Løyvinga for 2004 er på 43 mill. kroner.

Dei hovudsaklege inntektene er sal av bilar som det har vore gitt stønad til, og som er bytte inn og av sal av hjelpemiddel. Inntektene i 2003 var på 51,7 mill. kroner. Inntektene så langt i år tyder på at dei samla sett i 2004 vert litt høgare enn venta.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 10 mill. kroner til 53 mill. kroner.

Post 73 Refusjon bidragspliktige

Løyvinga for 2004 er på 555 mill. kroner.

Overslaget for utgifter til forskot er redusert mellom anna som følgje av at satsane gjekk ned frå 1. juni 2004. Det vert føreslått å redusere løyvinga på kap. 2683, post 76 til 1 105 mill. kroner for 2004.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned inntektene med 35 mill. kroner til 520 mill. kroner.

Om endringar av løyvingar på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2004 under Arbeids- og sosialdepartementet

Post 74 Refusjon medisinsk behandling

Løyvinga for 2004 er på 1 mill. kroner.

Rekneskapen til no i år viser ein auke i inntektene. Arbeids- og sosialdepartementet gjer derfor framlegg om å auke løyvinga med 600 000 kroner til 1,6 mill. kroner.

Post 75 Refusjon overskytande bidrag

Løyvinga for 2004 er på 41 mill. kroner.

Regelen om refusjon til folketrygda for utbetalt overgangsstonad vart ved innføring av nye reglar for bidrag oppheva frå 1. oktober 2003. Ein stor del av grunnlaget for inntekter under denne posten er såleis falle bort. Innbetalingar på posten er derfor knytte til saker der det er restgjeld. Restgjeld per august 2004 er 215 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å setje ned inntektene med 11 mill. kroner til 30 mill. kroner.

Kap. 5705 Statsgaranti for lønkrav ved konkurs, dagpengar

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2003	Løyving 2004	Forslag 2004	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
01	Refusjon dagpengar	84 588	50 000	65 000	15 000

Post 01 Refusjon dagpengar

For 2004 er inntektene under post 01 Refusjon dagpengar tidlegare berekna til 50 mill. kroner. På bakgrunn av gjennomsnittleg innbetalingar hittil i år er inntektene for 2004 no berekna til 65 mill. kroner. Løyvinga under kap. 5705, post 01 vert derfor foreslått auka med 15 mill. kroner til 65 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar av løyvingar på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2004 under Arbeids- og sosialdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar av løyvingar på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2004 under Arbeids- og sosialdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar av løyvingar på statsbudsjettet medrekna folketrygda for 2004 under Arbeids- og sosialdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2004 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
630		Aetat (jf. kap. 3630), tidl. kap. 1590	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kroner 2 017 978 000 til kroner 2 022 978 000	5 000 000
634		Arbeidsmarknadstiltak (jf. kap. 3634), tidl. kap. 1594	
	71	Spesielle arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kroner 2 922 740 000 til kroner 2 917 740 000	5 000 000
	74	Lønns subsidium for reaktivisering, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 38 751 000 til kroner 15 751 000	23 000 000
642		Petroleumstilsynet (jf. kap. 3642), tidl. kap. 1572	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kroner 122 808 000 til kroner 122 283 000	525 000
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med frå kroner 12 590 000 til kroner 17 290 000	4 700 000
660		Krigspensjon	
	71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 666 000 000 til kroner 645 000 000	21 000 000
664		Pensjonstrygden for sjømenn	
	70	Tilskott, blir auka med frå kroner 570 000 000 til kroner 600 000 000	30 000 000
666		Avtalefesta pensjon (AFP)	
	70	Tilskott, blir auka med frå kroner 723 000 000 til kroner 760 000 000	37 000 000
2541		Dagpengar	
	70	Dagpengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 10 606 000 000 til kroner 10 900 000 000	294 000 000
2543		Ytingar til yrkesretta attføring	
	70	Attføringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 8 780 000 000 til kroner 9 000 000 000	220 000 000
	71	Attføringsstønader, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 1 760 000 000 til kroner 1 535 000 000	225 000 000
2650		Sjukepengar	
	70	Sjukepengar for arbeidstakarar m.v, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 27 390 000 000 til kroner 25 100 000 000	2 290 000 000
	71	Sjukepengar for sjølvstendige m.v, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 1 900 000 000 til kroner 1 695 000 000	205 000 000
	72	Omsorgs- og pleiepengar ved barns sjukdom, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 400 000 000 til kroner 320 000 000	80 000 000
	75	Feriepengar av sjukepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 1 360 000 000 til kroner 1 340 000 000	20 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
2652		Medisinsk rehabilitering m.v	
	70	Rehabiliteringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 8 397 000 000 til kroner 8 870 000 000	473 000 000
	71	Legeerklæringer, blir redusert med frå kroner 300 000 000 til kroner 245 000 000	55 000 000
2655		Uføre	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 16 493 000 000 til kroner 16 410 000 000	83 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 23 820 000 000 til kroner 23 920 000 000	100 000 000
	74	Tidsavgrensa uførestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 617 000 000 til kroner 665 000 000	48 000 000
	75	Menerstatning ved yrkesskade, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 121 000 000 til kroner 105 000 000	16 000 000
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.v.	
	71	Hjelpestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 1 556 000 000 til kroner 1 515 000 000	41 000 000
	73	Hjelpemiddel m.v under arbeid og utdanning, blir auka med frå kroner 137 700 000 til kroner 145 000 000	7 300 000
	74	Tilskott til bilar, blir redusert med frå kroner 955 000 000 til kroner 755 000 000	200 000 000
	75	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel, blir auka med frå kroner 2 551 000 000 til kroner 2 590 000 000	39 000 000
	78	Høyreapparat, blir redusert med frå kroner 392 000 000 til kroner 385 000 000	7 000 000
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 32 204 000 000 til kroner 32 320 000 000	116 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 43 689 000 000 til kroner 44 020 000 000	331 000 000
	73	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 5 097 000 000 til kroner 5 130 000 000	33 000 000
2680		Etterlatne	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 1 227 000 000 til kroner 1 217 000 000	10 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 1 053 000 000 til kroner 1 043 000 000	10 000 000
2683		Stønad til einsleg mor eller far	
	70	Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 2 248 000 000 til kroner 2 275 000 000	27 000 000
	72	Stønad til barnetilsyn, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kroner 645 000 000 til kroner 595 000 000	50 000 000
	73	Utdanningsstønad, blir redusert med frå kroner 101 000 000 til kroner 85 000 000	16 000 000
	76	Forskottering av underhaldsbidrag, blir redusert med frå kroner 1 320 000 000 til kroner 1 105 000 000	215 000 000
2686		Gravferdsstønad	
	70	Gravferdsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kroner 96 000 000 til kroner 105 000 000	9 000 000
2690		Diverse utgifter	
	77	Pasientar frå land med innbyrdes avtale m.v., blir auka med frå kroner 52 000 000 til kroner 60 000 000	8 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3630		Aetat (jf. kap. 630), tidl. kap. 4590	
	80	Innfordra misbruk av dagpengar, blir auka med frå kroner 30 000 000 til kroner 40 000 000	10 000 000
	81	Innfordra feilutbetalte attføringsytingar, blir redusert med frå kroner 14 000 000 til kroner 11 000 000	3 000 000
3634		Arbeidsmarknadstiltak (jf. kap. 634), tidl. kap. 4594	
	02	Opplæringstenester, blir auka med frå kroner 1 841 000 til kroner 18 000 000	16 159 000
	60	Refusjon, forsøk dagpengar, blir redusert med frå kroner 1 500 000 til kroner 500 000	1 000 000
3635		Venteløn m.v. (jf. kap. 635), tidl. kap. 4595	
	01	Refusjon, blir redusert med frå kroner 80 000 000 til kroner 72 200 000	7 800 000
3640		Arbeidstilsynet (jf. kap. 640), tidl. kap. 4570	
	05	Tvangsmulkt, blir auka med frå kroner 1 600 000 til kroner 8 400 000	6 800 000
3642		Petroleumstilsynet (jf. kap. 642), tidl. kap. 4572	
	02	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir redusert med frå kroner 1 300 000 til kroner 600 000	700 000
	03	Refusjon av tilsynsutgifter, blir auka med frå kroner 52 200 000 til kroner 57 700 000	5 500 000
	06	Ymse inntekter/refusjonar, blir redusert med frå kroner 2 100 000 til kroner 1 700 000	400 000
5701		Diverse inntekter	
	03	Hjelpemiddelsentralar m.v., blir auka med frå kroner 43 000 000 til kroner 53 000 000	10 000 000
	73	Refusjon frå bidragspliktige, blir redusert med frå kroner 555 000 000 til kroner 520 000 000	35 000 000
	74	Refusjon medisinsk behandling, blir auka med frå kroner 1 000 000 til kroner 1 600 000	600 000
	75	Refusjon overskytande bidrag, blir redusert med frå kroner 41 000 000 til kroner 30 000 000	11 000 000
5705		Statsgaranti for lønsskrav ved konkurs, dagpengar	
	01	Refusjon dagpengar, blir auka med frå kroner 50 000 000 til kroner 65 000 000	15 000 000

II

Tilføyning av stikkord

Stortinget samtykker i at stikkordet:

1. «*kan overføres*» tilføyes løyvinga under kap. 643 Statens arbeidsmiljøinstitutt, post 21 Oppdrag, i statsbudsjettet for 2004.
2. «*kan overføres*» tilføyes løyvinga under kap. 2650 Sjukepengar, post 73 Tilretteleggingstilskott og post 74 Bedriftshelsetenester, i statsbudsjettet for 2004.

III

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Arbeids- og sosialdepartementets fullmakt i 2004 til å overskride løyvinga under kap. 2603 Trygderetten, post 01 Driftsutgifter mot tilsvarende meirinntekter under kap. 5705, post 02, endrast til fullmakt til å overskride nemnte utgiftsløyving mot meirinntekter under kap. 5702, post 02.



Tryk: A/S O. Fredr. Arnesen, November 2004